

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 02.02.2023

Vår ref.: 202114317-5 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Randi Holme 99 21 51 22/

rho@nve.no

Avgrensa høyring av detaljplan for miljø og landskap - Rehabilitering av dam Mysevatt ved Mauranger kraftverk i Kvinnherad kommune

I brev datert 13.07.2022 mottok Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) detaljplan for miljø og landskap frå Statkraft Energi AS for rehabilitering av dam Mysevatt ved Mauranger kraftverk i Kvinneherad kommune. Vi sender detaljplanen på høyring, og vi ber om at merknader til planen vert sendt til NVE seinast innan 03.03.2023.

Konsesjonen ligg fast

Løyve til å bygge Mauranger kraftverk er gitt i kgl.res. datert 18.07.1969. Konsesjonen ligg til grunn for denne høyringa og sjølvve konsesjonsspørsmålet er difor ikkje gjenstand for ny høyring.

Korleis følgjer NVE opp detaljplanen for miljø og landskap?

Detaljplanen for miljø og landskap som er lagt fram skildrar korleis det er planlagt å bygge det konsesjonsgitte anlegget. Bygging av anlegget er underlagt offentleg tilsyn. Det er NVE som utøver tilsynet og jf. post 18 i konsesjonen skal vi godkjenne detaljerte planar for miljø og landskap før arbeida tek til. Vi kontrollerer at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår, godkjende planar, og at anleggsområda vert rydda forsvarleg opp og sett i stand.

Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?

Arbeida det er søkt om må gjennomførast for å stette forskrift om damtryggleik. Vi sender detaljplan landskap og miljø på avgrensa høyring for å fange opp eventuelle endringar i kunnskapsgrunnlaget. Vi ønskjer følgjande tilbakemelding frå høyringspartane:

Kvinnherad kommune: Eventuelt nye opplysningar om areala som er planlagt tekne i bruk, areala sin status i kommuneplanen sin arealdel og andre opplysningar som er relevante for prosjektet.

Statsforvaltaren i Vestland: Kunnskap om eventuelt trua og sårbare arter i området der arbeida skal gjennomførast. Vi ber om andre opplysningar innanfor dykkar forvaltningsområde om er relevante for prosjektet.



Vestland fylkeskommune: Opplysningar om kulturminne i tilknytning til planområdet. Vi ber og om innspel om forhold knytt til friluftsliv, orientering om eventuelle forvaltningsplanar og andre regionale planar i tiltaksområdet og andre opplysningar som er relevante for prosjektet.

Miljødirektoratet: Kunnskap om eventuelt trua og sårbare arter i området der arbeida skal gjennomførast. Vi ber og om andre opplysningar innanfor dykkar forvaltningsområde om er relevante for prosjektet.

Direktoratet for mineralforvaltning: Det er planlagt å etablere eit steinbrot ved damanlegget. Planlagt uttak er rekna til i overkant av 70 000m³. NVE er orientert om at Statkraft Energi as har sendt søknad om driftskonsesjon etter minerallova. Vi ber om tilbakemelding på det planlagde steinbrotet.

Konsesjonæren har ansvar for å avklare privatrettslege forhold med dei som har rettar i området og å innhente nødvendige løyve etter anna lovverk før arbeida tek til.

Forholdet til plan- og bygningslova

Vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgjevinga er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unnatekne frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Detaljplanen for miljø og landskap skal vere avklart i forhold til kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på at vilkåret for å gi dispensasjon alltid vil vere til stades for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova eller energilova, jf. Lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova, revidert utgåve 2022.

Frist for uttale

Detaljplanen for miljø og landskap finn de her: www.nve.no/868/V

Vi ber om at merknader til detaljplanen for miljø og landskap vert sendt til NVE, uttalelse@nve.no innan **03.03.2023**. Merk uttalen med «Uttale» og saksnummer 202114317 i emnefeltet.

Som del av NVE si handsaming vert uttalar eller deler av uttalar referert i utgåande brev. Dersom han er lang er det ein fordel at det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Av same grunn ønskjer vi å få teksten elektronisk. Uttalar er offentlege dokument. Sentrale saksdokument vert lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Randi Holme
senioringeniør

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

**Mottakarliste:**

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
KVINNHERAD KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS
STATKRAFT ENERGI AS - Anders Martin Skaarer
Statkraft Energi AS, Region Vest-Norge - Finn Arve Berget